

An aerial photograph of a coastal town, likely in Norway, featuring a large harbor with blue water, green hillsides with residential buildings, and a modern school building in the foreground. The text is overlaid on the upper left portion of the image.

Informasjonsmøte for føresette til elever på Vg1

Olsvikåsen videregående skole
hausten 2026

Kunst, design og arkitektur



Særskilt tilrettelagt opplæring



Studiespesialiserande



Helse- og oppvekstfag



Leiinga ved skulen

André van der Heide

rektor



Tlf: 555 11 413

E-post

Therese Kleppestø

ass.rektor og avdelingsleiar for kunst, design
og arkitektur



Tlf: 90573334/55511414

E-post

Vivian Norstrand

avdelingsleiar for helse og oppvekst fag og
tilrettelagt opplæring




Tlf: 90835519/55511416

E-post

Siv Elin Korten

avdelingsleiar for realfag



Tlf: 555 11 417

E-post

Anne Jordalen

avdelingsleiar for språk- og samfunnsfag



Tlf: 555 11 415

E-post

Marita Mossestad

administrasjon



Tlf: 55511412/47507460

E-post

Elevenestene våre

- Støttar fagleg og sosial utvikling

Rådgjevarar

Rettleiing og tilrettelegging i kvardagen

Siri Kartevold

Hedda Lång Skeidsvoll

Fagval, karriereval, prøvetilrettelegging og PPT-kontakt.

Elevkontaktar

Tett sosial oppfølging av enkeltelevar

Gunnhild Sætre

Randi Korneliussen

Vidar Duesund

Paul Arne Feenstra

Gode støttespelarar for trivsel, nærvær og kvardagsmeistering.

Helsepersonell

Lågterskel helsetilbod på skulen

Ida Kristiansen
(helsesjukepleiar)

Nina Gjeitanger
(helsesjukepleiar)

Christine Svanevik
(skolepsykolog)

Samtalar om psykisk helse, søvn, angst eller andre bekymringar.

PPT

Fagleg støtte og tilrettelegging

Aslak Olav Bakke (PPT)

Hjelp til struktur, fagleg medvirkning og individuell tilrettelegging

Eit trygt og godt skulemiljø er ein rett

«Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring.»

Opplæringslova kapittel 12

Skulen har nulltoleranse mot mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Det er eleven si eiga oppleving som avgjer.



Skulen si aktivitetsplikt

Alle tilsette på skulen har plikt til å følgje med, gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom ein elev ikkje har det bra.

Udir-rundskriv 01.08.2024

Gir oppdaterte retningslinjer for skulen si handlingsplikt og korleis saker skal dokumenterast og følgast opp.


Melde sak til Statsforvaltaren

Dersom foreldre eller elevar opplever at skulen ikkje gjer nok innan ei veke, kan saka meldast direkte til Statsforvalteren for uavhengig vurdering.

Tryggleik – Inkludering – Trivsel – Læring

Eit trygt og godt skulemiljø

Opplæringslova



Informasjon på itslearning

Informasjon på skulen si heimeside

<https://www.olsvikasen.vgs.no/>

Lover og regelverk

[Rett til eit trygt og godt skulemiljø §12 lokale retningslinjer.docx](#)

[Retten til eit trygt og godt skulemiljø informasjon på skulen si heimeside](#)

[Elevenes arbeidsmiljø, informasjon til elevene.docx](#)

[Elevens arbeidsmiljølov, informasjon til elevene ny](#)

[Klage på lærar - prosedyre.pdf](#)

[Opplysnings- og informasjonsplikt.docx](#)

[Orden og åtferd, presisering Olsvikåsen vgs 2023-24.pptx](#)

[Retten til eit godt skulemiljø, kap12](#)

[Systematisk miljøarbeid og internkontroll på skolen, info til elever.docx](#)



Elevar og føresette ^ Om skulen v Kva skjer? Spøk

HELSE OG MILJØ

[Skulehelseteneste →](#)

[Rådsgjevarne våre →](#)

[Elev- og læringsombudet →](#)

[Sjefelingsbeteneste →](#)

[Miljøfyrn →](#)

EKSAMEN OG VURDERING

[Eksamen og standpunkt →](#)

[Privat eksamen →](#)

[Klage på karakter →](#)

PRAKTISK INFO

[Skuleuts 2026/2027 →](#)

[Bibliotek →](#)

[Lån og stipend →](#)

[New-PC →](#)

[Skulekys →](#)

[Kantina →](#)

[Parkering →](#)

[Utgifter i skuleåret →](#)

[Opplæringsår i utlandet →](#)

[Programdag til val →](#)

REGLEMENT OG RUTINAR

[Sentrale dokument i vgs →](#)

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø →

Læremiddel, utstyrsstipend og utgifter

Gratisprinsippet og stipend

- **Gratis utlån av lærebøker:**
Elevane forpliktar seg til å ta vare på dei og levere dei tilbake intakte.
- **Utstyrsstipend frå Lånekassen:**
Alle elevar med ungdomsrett har krav på stipend, men må søke sjølv på www.lanekassen.no.

Stipendsatsar:
Studiespesialiserande: 1427 kr.
Helse- og oppvekstfag: 2685 kr.
Kunst, design og arkitektur: 2685 kr.
- **Søknadsfrist for stipend:**
Husk å søke innan 15. november

Særskilde utgifter

- Elevar på Kunst, design og arkitektur treng spesialisert utstyr og eige materiell
- Personleg startpakke:
Det vert kjøpt inn ein startpakke ved skulestart til personleg bruk (teikneutstyr, linjalar, arkitekturmateriell osv.) på ca. 2150 kr.
- Årlege materiellutgifter:
Det vert fakturert ca. 400 kr per år for forbruksmateriell til skulearbeidet.



Elevdemokrati og medverknad

Vi ønsker aktive og engasjerte elevar

Medverknad i eiga læring

- Vere med og setje mål for eiga læring
- Reflektere over eigen utvikling
- Gi tilbakemeldingar på undervisninga
- Delta aktivt i vurderingsarbeidet

Medverknad i skulemiljøet

- Klassens time
- Elevråd
- Skulemiljøutval
- Ulike prosjekt og arbeidsgrupper

Demokratisk kompetanse

- Lære å ytre meiningar
- Lytte til andre
- Delta i fellesskapet
- Ta ansvar for eigne val



Foreldra si rolle i skuledemokratiet og skule-heim- samarbeidet

Endringar i ny opplæringslov

- Lova føreset at elevane no er så vaksne at dei sjølve tek over ansvaret for å ivareta fellesinteressene sine i elevdemokratiet.
- Elevdemokratiet på OLV er sterkt og medverkar aktivt og demokratisk gjennom elevrådet, skulemiljøutvalet og fagleg medverknad i klassane.

Samarbeid og forståing med heimen

- Skulen si plikt til å sikre eit godt samarbeid med heimen står fast og er framleis heilt sentral.
- Forsking og erfaring viser at når foreldre bryr seg og engasjerer seg, blir elevane meir motiverte, trivst betre og presterer betre fagleg.

Inkludering i russetida startar allereie i VG1

Utfordringane med tidleg planlegging

- Planlegging av bussar, klesgrupper og russegjengar startar diverre tidlegare enn før, ofte allereie fyrste haust på Vg1.
- Dette skapar tidleg usikkerhet, klikkdanningar og ekskludering som pregar heile skulemiljøet gjennom tre år.
- Ny nasjonal strategi for russefeiring frå 2026: Utdanningsdirektørane i alle fylkeskommunar har utarbeidd felles retningslinjer for ein meir inkluderande og trygg russefeiring.

Kva kan foreldra gjere?

- Engasjer dykk tidleg: Ikkje vent til Vg3. Snakk med ungdommen heime om kva verdier og inkluderingskultur dei ønsker å stå for.
- Følg med på avtalar: Forbrukertilsynet åtvarar mot urimelege kommersielle kontraktar og ulovleg markedsføring retta mot russ. Ingen under 18 år bør signere bindande buss-avtalar.

Organisering og planar i undervisninga

Blokkdagar fredagar

Klassens time

Midttide

Arbeidsplaner i It's Learning

Vurderingsplan i InSchool

<https://www.olsvikasen.vgs.no/>

Snarvegar ^

Visma in school ↗

Skoleportalen ↗

Om skulen v



Praktisk skulekvardag og studietid

Tilbod og fagleg oppfølging

- Studietid og haustskule:
Midttimar mandag og onsdag er satt av til rettleia studietid på skulen.
Det vert arrangert haustskule for elevar som ønsker ein ekstra fagleg dytt eller hjelp til struktur.
- Gratis skulefrukost:
For å sikre ein god start på dagen tilbyr skulen gratis felles frukost i kantina.
- Sunt kantineilbod:
Kantina vår tilbyr eit variert og sunt utval av mat og drikke til lunsj.



Fag- og timefordeling på Vg1

Studiespesialisering

● Fellesfag (842 timer)

140 Engelsk

113 Fremmedspråk nivå I /

113 Fremmedspråk nivå II

56 Geografi

56 Kroppsøving

140 Matematikk 1P (praktisk) /

140 Matematikk 1T (teoretisk)

140 Naturfag

113 Norsk

84 Samfunnskunnskap

Kunst, design og arkitektur

● Fellesfag (702 timer)

140 Engelsk

113 Fremmedspråk nivå I /

113 Fremmedspråk nivå II

56 Kroppsøving

140 Matematikk 1P (praktisk) /

140 Matematikk 1T (teoretisk)

140 Naturfag

113 Norsk

● Felles programfag (280 timer)

140 Design og arkitektur 1

140 Kunst og visuelle virkemidler 1

Helse- og oppvekstfag

● Fellesfag (336 timer)

140 Engelsk

56 Kroppsøving

84 Matematikk 1P-Y (praktisk) for
helse- og oppvekstfag

56 Naturfag for helse- og oppvekstfag

● Felles programfag (477 timer)

197 Helsefremmende arbeid

140 Kommunikasjon og samhandling

140 Yrkesliv i helse- og oppvekstfag

● Yrkesfaglig fordypning (168 timer)

168 Yrkesfaglig fordypning

Fag- og timefordeling på Vg1

Helse- og oppvekstfag,
studiekompetanse, 3-årig

● Fellesfag (842 timer)

56 Kroppsøving

140 Matematikk 1P (praktisk)

113 Norsk

● Felles programfag (477 timer)

197 Helsefremmende arbeid

140 Kommunikasjon og samhandling

140 Yrkesliv i helse- og oppvekstfag

● Yrkesfaglig fordypning (168 timer)

168 Yrkesfaglig fordypning

Oppmøte er avgjerande: Fråvæersgrensa på 10%

Hovudregel er at eleven skal møte på skulen til oppsett tid.

Inntil 10% fravær

Normalt / dokumentert

- Alt fravær blir ført på vitnemålet som hovudregel.
- Eleven kan eigenmelde seg sjuk og treng ikkje gå til lege for dokumentasjon så lenge dei er under 10% i fag.
- Når fraværet i eit fag passerer 10% må det dokumenterast av lege eller annan sakkyndig.

Mellom 10% og 15%

Skjønnsmessig vurdering

- Dersom eleven går over 10% udokumentert fravær, mister dei retten til karakter.
- Rektor kan bruke skjønn dersom fraværet skuldast særlege, samansette årsakar.
- Faglærer må framleis ha nok vurderingsgrunnlag til å setje karakter.

Over 15% fravær

Manglande karakter

- Over 15% udokumentert fravær gir automatisk manglande karakter (IV) i faget.
- Rektor har i slike tilfelle ikkje lovleg høve til å utvise skjønn.
- Eleven har då ikkje bestått faget.

Tidleg varsling og rutinar i InSchool

Varslingsrutinar ved fravær

Elev må melde fravær same dag som eleven er borte.

Fråværsvarsel ved 5%:

Det vert sendt skriftleg varsel til elev og føresette når eleven passerer 5% fravær i eit fag.

Varselet er eit førehandsvarsel på at eleven må følge med på fraværet i faget for å unngå å havne over 10%.

Ulike fag har ulikt timetal

Det vert ikkje sendt nytt varsel når eleven passerer 10%

Høgt fravær kan og føre til manglande vurderingsgrunnlag.

Merk: Når eleven fyller 18 år

Når eleven fyller 18 år, er dei myndige etter lova.


Foreldra mister automatisk tilgang til Visma InSchool (timeplan, karakterar og fræværsversikt).



Skulereglar

- Nye skulereglar frå og med august 2026
Forskrift om skoleregler i Vestland fylkeskommune
<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2026-06-16-1587?q=forskrift%20om%20skulereglar%20vestland%20fylkeskommune>
- Gjeld heile fylkeskommunen
- Mobiltelefon, smartklokker og metabriller
- Ordensanmerkingar
- Åtferdsanmerkingar
- Varsling

Saman skaper vi gode skuleår



Korleis lukkast i videregående skule?

Det finst ingen snarvegar, men vi ser nokre fellestrekk

Dei elevane som lykkast best....

- Møter opp jamleg
- Arbeider jamt gjennom året
- Ber om hjelp når dei treng det
- Toler å møte motgang
- Tek ansvar for eiga læring
- Tek del positivt i klassemiljøet



Nærvær ⇒ **Innsats** ⇒ **Meistring** ⇒ **Motivasjon** ⇒ **Gjennomføring**

Tydelege foreldregrenser gir tryggare ungdom

7 av 10 unge under 18 år ønsker at foreldra set tydelege grenser for alkohol og rus.

Mange foreldre tenker at å gje ungdommen alkohol med på fest sikrar kontroll. Forskning viser det motsatte: ungdom som får med alkohol heimefrå, drikk oftare og meir enn andre.

Det er ei myte at «alle andre drikk». Ved utgangen av 10. klasse har berre 1 av 4 berusa seg (Ungdata, 2022). Å synleggjere dei sanne tala dempar drikkepresset.

Seks foreldrevettregler (Blå Kors)

- 1. Snakk med tenåringen**
- 2. Ikkje gje alkohol**
- 3. Vær tilgjengeleg**
- 4. Allier deg med andre foreldre**
- 5. Set tydelege grenser**
- 6. Skap kultur for åpenheit**

Trygg skuleveg og trafikktilhøve

- Vi har svært mange elevar som syklar, går eller tek kollektivt til skulen, og skulevegen er ofte uoversiktleg.
- Henting og levering:
Vi oppfordrar foreldre sterkt til å unngå køying inn på skuleplassen.
Dette skapar svært farlege situasjonar for fotgjengarane.

Slepp av ungdommen på parkeringsplassen til kyrkja eller bruk merka parkeringsområde utanfor skuleområdet. Takk for at de bidreg til tryggleiken!



Viktige datoer utover hausten

Onsdag 21. oktober

Informasjonsmøte med kontaktlærer

- Møte kl. 17:00
- Gjennomgang av klassemiljø, særskilte rutinar i faga og kvardagen i den enkelte klasse.

Måndag 23. november

Informasjon om fagval

- Fagvalsorientering for elevar på Studiespesialiserande (STUSP) og KDA.
- Rettleiing om kva programfag og fordjupningar ein bør velge for Vg2 og Vg3.
- Informasjon om krav til spesiell studiekompetanse for vidare studier.

Utover hausten

Individuelle utviklingssamtalar

- Blir gjennomført i løpet av haustterminen etter avtale med kontaktlærer.
- Fokus på trivsel, fagleg framgang og fråværsstatus.

Når bør de ta kontakt?

● Ta gjerne kontakt når...

- De har spørsmål om skolekvardagen
- De er usikre på rutinar eller forventningar
- De ønsker råd eller rettleiing

Små spørsmål er alltid velkomne

● Ta kontakt tidleg dersom...

- Fråværet aukar
- Motivasjonen fell over tid
- Eleven strevar fagleg
- Eleven trekk seg unna sosialt
- Det er bekymringar knytt til psykisk helse eller trivsel

Tidleg innsats gir ofte dei beste løysingane

● Ta kontakt straks dersom...

- Eleven ikkje opplever skulen som trygg
- Det er mistanke om mobbing eller krenkingar
- Det er alvorlege bekymringar for psykisk helse
- Eleven vegrar seg for å gå på skulen
- Det oppstår hendingar som påverkar skulegangen vesentleg

Jo tidlegare vi veit om det, desto betre kan vi hjelpe

Kven kontakter de?



Kontaktlærer først



Rådgjevar eller elevtenester ved behov



Leiinga dersom saka krev det

Dersom noko påverkar eleven si trivsel, læring eller skulegang, ønsker vi å vite om det.

Når skoleåret er over, håper vi at eleven....

- ♥ Kjenner seg heime på Olsvikåsen
- ★ Har opplevd meistring
- 🤝 Har fått nokon å høyre til saman med
- 🌱 Har vakse, både fagleg og menneskeleg
- 🎯 Er eit steg nærmare eigne mål

Vi får best resultat når vi står saman rundt ungdommen - takk for at de er med på laget.

